

Festframsyning nye Volda-komiteen 25.11.2019, notat/referat

Møtte: Odd Harald, Anett Mari, Ola, Astrid

Eg har notert meg følgjande frå møtet i går:

Arild melder: Følgjande er på plass i programmet, som vert i **propellhallen laurdag 11. januar kl. 16.00:**

- Ungdomssymfonikarane m. Stela Birte Poland
- Sindre Løvik og Sigrid Tønnesen
- Jon Inge Bjøringsøy
- Kviven dua, Jorunn Marie Kvernberg og Britt Pernille Frøholm
- Beady Belle (første etter pausen, må vere ferdige kl. 17.30)
- Morkakoret
- Stemt . Siv Aurdal
- Halkjelsvika Spelemannslag og Honndalen Spelemannslag m. Åsmund Farstad

Usikre:

- Bygdles
- Kirsten Ose
- Honndalen Soul og funkarlag

Odd Harald ha vore i kontakt med **Volda næringsforum**. Det vert møte på Spinneriet tysdag 26. kl 15.00. Astrid ynskjer å delta i lag med Odd Harald. Jon Heltne, Mette Ryste og Roar Vikene vil delta for næringsforum.

Kva gjer vi med scene?

Det vart bestemt at Arild kontaktar Martin Foldal. Arild kontaktar vidare Eiliv for å få til synfaring i propellhallen. Dette er gjort og meldt, og det vert synfaring torsdag 5. des. kl 16.00, med etterfølgjande møte.

Marknadsføring:

Odd Harald melder at Joakim har fått ein med seg i marknadsføring. Det må ut plakatar og anna seinast 10. desember. Også snakka om å lage teaser, få med Beate? Sette Torunn og evt. Kirsten på dette.

Viktigaste oppgåve framover er å **klargjere dugnadsbehov, oppgåver og folk**. Alle tenkjer gjennom kvar for seg alle oppgåver dei kjem på- dette skal konkretiserast i dugnadsslister.

Ting som ikkje er på plass:

- Kven tingar kake og kor mykje?
- Kven kjøper tilfang?
- Kven inviterer gjestar og kven skal inviterast?

Neste møte **torsdag 5. kl 16.00 i propellhallen.**

Ref: Astrid

